

1 **Vedtekter for fylkesting for ungdom i Sogn og Fjordane.**

2 Vedtatt på fylkesting for ungdom på Skei i Jølster den 09.04.2016.

3 Endra på fylkesting for ungdom på Skei i Jølster den 25.03.2017.

4 **Kapittel 1 Innleiande føresegner**

5 § 1-1 Føremål

6 Fylkesting for ungdom er det øvste talerøyret for ungdomane i Sogn og Fjordane fylke.

7 Fylkesting for ungdom skal arbeide for å ivareta ungdom i Sogn og Fjordane sine interesser

8 og for å auke samfunnsengasjementet hos ungdommen. Fylkesting for ungdom er eit

9 demokratisk organ for å fremje ungdomsmedverknad. I tillegg skal det fungere som ein arena

10 for opplæring av ungdom som ønskjer å engasjere seg politisk. Vidare skal ungdommen få eit

11 innsyn i demokratiet som styreform og folkestyret som grunnverdi.

12 § 1-2 Namn

13 Det offisielle namnet er «fylkesting for ungdom», og avkortinga er «FFU». I dei fleste høve

14 er det naturleg å leggje til «Sogn og Fjordane». Logoen er den same som for

15 fylkeskommunen.

16 § 1-3 Organisering

17 Fylkesting for ungdom ligg administrativt under nærings- og kulturavdelinga og politisk

18 under hovudutval for næring og kultur i Sogn og Fjordane fylkeskommune.

19 **Kapittel 2 Definisjonar**

20 § 2- 1 Røysting

21 Simpelt (enkelt) fleirtal: det framlegget som får flest røyster vinn. Dette kan vere under 50 %

22 om det er meir enn to framlegg.

23 Vanleg (alminneleg) fleirtal: eit framlegg til vedtak må få meir enn 50% av røystene i ei

24 votering for å bli vedteke. Om framlegget til vedtak får mindre enn 50 % av røystene fell

25 framlegget til vedtak. Blanke stemmer vert ikkje rekna som avgitte stemmer.

1 Absolutt fleirtal: det same som vanleg (alminneleg) fleirtal, men blanke stemmer vert rekna  
2 som avgitte stemmer.

3 Aktiv røysting vil seie at alle som røystar for det framlegget som ligg føre, tydeleg viser  
4 semja si ved å strekkje delegatskiltet høgt i vêret, medan dei som røystar mot, held seg  
5 rolege.

6 Passiv røysting vil seie at dei som røystar for det framlegget som ligg føre held seg heilt  
7 rolege, medan dei som er mot framlegget som ligg føre viser dette tydeleg ved å reise  
8 delegatskiltet høgt i vêret.

### 9 § 2-2 Røysterett, framleggsrett og talerett

10 Røysterett er retten ein deltakar har til å røyste ved val i saker, over vedtak og ved  
11 personval.

12 Framleggsrett er retten ein deltakar har til å kome med framlegg til vedtak eller saker som  
13 kan verte til vedtak.

14 Talerett er retten ein deltakar har til å tale for tinget, anten dette er i innlegg, replikkar eller  
15 saksopplysningar.

### 16 § 2-3 Rolle

17 Delegat er ein deltakar på fylkesting for ungdom i alderen mellom 13 og 23 år, med  
18 røysterett, talerett og framleggsrett under heile tingsetet, med mindre vedkommande er  
19 ugild etter reglane i forvaltningslova kapittel 2 med særlovgevinga i kommunelova § 40 nr.  
20 3. Delegaten skal ha folkeregistrert adresse i Sogn og Fjordane fylke.

21 Observatør er ein deltakar på fylkesting for ungdom i alderen mellom 13 og 23 år.  
22 Vedkommande skal ha folkeregistrert adresse i Sogn og Fjordane fylke. Vidare har  
23 observatøren talerett og framleggsrett gjennom heile tingsetet, men er utan røysterett.

24 Gjest er ein person som ikkje er innkalla, men invitert, til fylkesting for ungdom. Dersom ein  
25 deltakar på tinget har folkeregistrert adresse på ein stad utanfor fylket, er vedkommande  
26 gjest uavhengig av alder. Gjestane er utan røysterett, framleggsrett og talerett. Fylkesting  
27 for ungdom kan, i røysting med vanleg fleirtal, gje gjestane eller berre einskilde gjestar

1 talerett i einsskilde saker, på eit avgrensa tidsrom eller slik fylkesting for ungdom meiner det  
2 er føremålstenleg.

3 Referenten er den som skriv referatet/møteboka frå fylkesting for ungdom. Vedkommande  
4 har talerett i alle saker som gjeld referatet og til oppklarande spørsmål.

5 § 2-4 Deltakarar frå anna enn kommunane

6 Fylkesdekkande ungdomsorganisasjonar er organisasjonar som har medlemmer i alderen 13 til  
7 23 år spreidd i heile Sogn og Fjordane, og som har registrert adresse i Sogn og Fjordane.

8 Organisasjonen skal vere fylkesdekkjande, og kan ha fleire lokallag under seg.

9 Politisk ungdomspartiparti: politisk ungdomsparti som har medlemmar som er folkeregistert i  
10 Sogn og Fjordane, uavhengig av talet på medlemmar. Delegatane og observatørane for dei  
11 politiske ungdomspartia på FFU må vere mellom 13 og 23 år.

12 Ungdomspolitisk utval: ungdomspolitisk utval (UPU) er arbeidsutvalet til fylkesting for  
13 ungdom i Sogn og Fjordane. Ungdomspolitisk utval arbeider etter mynde frå fylkesting for  
14 ungdom. Sjå egne retningsliner for ungdomspolitisk utval.

### 15 **Kapittel 3 Arbeidsområde og mynde**

16 § 3-1 Arbeidsområde

17 Fylkesting for ungdom arbeider med alle fylkesdekkande saker, det vil seie alt som påverkar  
18 fylket. Lokale saker høyrer heime hos ungdomsrådet i kvar einsskilde kommune. Dersom det er  
19 tvil om ei sak kan handsamast eller ikkje er det fylkesting for ungdom som avgjer saka, med  
20 vanleg fleirtal.

21 § 3-2 Mynde

22 Fylkesting for ungdom kan gi fullmakt og instruksar til ungdomspolitisk utval (UPU)\*.

23 \*Ungdomspolitisk utval (UPU) er fylkesting for ungdom sitt arbeidsutval. Sjå egne vedtekter  
24 for ungdomspolitisk utval.

25

26

## 1 Kapittel 4 Samansetnad

2 §4-1 Alle kommunane, uavhengig av folketal, kan sende to delegatar og to observatørar. I  
3 tillegg til dette får kommunane med over 5 000 innbyggjarar éin ekstra delegat for kvar fem  
4 tusen innbyggjar. 5000 innbyggjarar; tre delegatar, 10 000 innbyggjarar; fire delegatar, og så  
5 bortetter for kvar 5000 innbyggjarar. Politiske ungdomsparti og fylkesdekkande  
6 ungdomsorganisasjon kan sende to delegatar og to observatørar.

7 §4-2 Delegatane og observatørane skal vere i alderen 13 til 23 år. Delegatane og  
8 observatørane vert valde av ungdommane i kommunen, det politiske ungdomspartiet eller  
9 den fylkesdekkande ungdomsorganisasjonen, i regi av kommunen, partiet eller  
10 organisasjonen. I dei kommunane som har ungdomsråd bør delegatar og observatørar veljast  
11 derfrå. Dei som vert valt er UPU sine kontaktpersonar i perioden mellom to fylkesting for  
12 ungdom.

13 § 4-3 Grupper og enkeltpersonar, ut over dei som er innkalla, som vil møte på fylkesting for  
14 ungdom og uttale seg i ei sak skal melde frå til ungdomspolitisk utval seinast 14 dagar før  
15 tingdato. Desse får status som gjest og det er fylkesting for ungdom som avgjer om det skal  
16 gjevast talerett til desse, etter innstilling frå UPU, jf. § 5-1 i desse vedtektene.

## 17 **Kapittel 5 Vedtak og røysting**

### 18 § 5-1 Vedtak og røysterett

19 Minst 50% av fylkesting for ungdom sine frammøtte delegatar må vere til stade i møtet for  
20 at vedtak skal vere gyldige. Alle vedtak skal gjerast ved røysting.

21 Delegatar har røysterett, talerett og framleggsrett under heile tingsetet, med mindre  
22 vedkommande er ugild etter reglane i forvaltningslova kapittel 2 med særlovgevinga i  
23 kommunelova § 40 nr. 3.

24 Observatørar har talerett og framleggsrett gjennom heile tingsetet, men er utan røysterett.

25 Gjestar på fylkesting for ungdom er utan røysterett, framleggsrett og talerett. Fylkesting for  
26 ungdom kan, i røysting med vanleg fleirtal, gje gjestane eller berre einskilde gjestar talerett i  
27 einskilde saker, på eit avgrensa tidsrom eller slik fylkesting for ungdom meiner det er  
28 føremålstenleg.

- 1 Delegatar som er til stade i salen har røysterett. I tvilstilfelle er det møteleiar som avgjer om  
2 delegaten får delta i voteringa.
- 3 Ein har ikkje røysterett under voteringar der ein ikkje har vore til stade under handsaminga av  
4 det framlegget ein skal votere over. Delegaten må då vente til neste votering. I tvilstilfelle er  
5 det møteleiar som avgjer om delegaten får delta i voteringa.
- 6 § 5-2 Røysting ved framlegg om vedtak
- 7 Det er berre delegatane som har røysterett. Alle delegatane har plikt til å røyste for eller mot  
8 eit framlegg.
- 9 Vedtak vert gjort med vanleg fleirtal.
- 10 Dersom røystene står likt er leiar av UPU si røyst avgjerande. Det er ikkje tillete å krevje  
11 skriftleg røysting.
- 12 § 5-3 Røysting ved personval
- 13 Det er berre delegatane som har røysterett. Ved personval pliktar delegatane å røyste på ein  
14 person, eller dei kan stemme blankt.
- 15 Vedtak ved personval vert gjort med absolutt fleirtal. Dersom ingen får tilstrekkeleg fleirtal  
16 skal det haldast ny avrøysting. Den som får flest røyster etter den nye avrøystinga er valt.  
17 Dersom røystene står likt etter omval vert valet avgjort ved loddtrekning.
- 18 Ved personval kan delegatane og møteleiar krevje skriftleg val. Det er nok at berre ein person  
19 krev skriftleg val, for at dette skal bli gjennomført.
- 20 Resultatet, inkludert fordeling av røyster, ved personvalet skal vere offentleg.
- 21 § 5-4 Val av nytt ungdomspolitisk utval (UPU)
- 22 UPU vert valde blant delegatane og observatørane på FFU. Det skal veljast leiar, nestleiar og  
23 3 medlemmer. Det skal også veljast 5 varamedlemar.
- 24 Medlemene av UPU skal veljast for 2 år. Dei skal veljast slik at UPU får kontinuitet. Ved første  
25 gangs val skal 2 representantar veljast for 1 år og 3 veljast for 2 år. Varamedlem vert valt for  
26 1 år.

1 Blant medlemene i UPU vel fylkestinget kvart år leiar og nestleiar.

2 Dei nye medlemmane i UPU skal veljast ved aktivt røysting av fylkesting for ungdom, og  
3 etter reglane i § 5-3.

4 § 5-5 Benkeforslag ved personval

5 Om ein ønskjer endring i innstillinga til valnemnda, sjå kap. 7, er det moglegheit for å komme  
6 med benkeforslag. Personen som vert føreslegen må vere tilstade under tingsetet, og vere  
7 anten delegat eller observatør. Om mogleg bør både personen som er innstilt frå valnemnda  
8 og personen som er ynskt inn i utvalet, gjerast kjend med benkeforslaget.

9 Reglar ved benkeforslag:

10 Benkeforslag kan kome frå personen sjølv eller ein annan delegat eller observatør på  
11 tingsetet.

12 Personen som vert føreslege skal halde eit partsinnlegg. Om ein foreslår seg sjølv , kan ein få  
13 ein støttetale frå ein delegat eller observatør på tingsetet. Personen som er innstilt av  
14 valnemnda skal halde sitt partsinnlegg. Personen som er innstilt av valnemnda kan ha ein  
15 støttetale frå ein på tingsetet.

16 Røystinga føl reglane i § 5.3, røysting ved personval.

17 **Kapittel 6 Møta i fylkesting for ungdom**

18 § 6-1 Tidspunkt

19 Fylkesting for ungdom skal gjennomførast ein gong kvart år, med mindre særlege grunnar  
20 talar mot dette. Som særlege grunnar gjeld mellom anna dårleg påmelding frå kommunane,  
21 sjukdom eller liknande.

22 Fylkesting for ungdom vel ein rettleiande dato for året etter, og ungdomspolitisk utval kan,  
23 dersom det er nødvendig, endre datoen.

24 § 6.2 Møtebok

25 Det skal førast møtebok for FFU. Møteboka vert lagt ut på fylkeskommunen sine nettsider  
26 etter at den er ferdigstilt. Møteboka skal underskrivast av to delegatar valt av FFU.

1 § 6.3 Teljekorps

2 FFU vel tre observatørar eller gjestar til å vere teljekorps under tingsetet, UPU kjem med  
3 innstilling til medleamar i teljekorpset. Teljekorpset skal telje opp røystene etter eit skriftleg  
4 val, og gjere fylkesting for ungdom kjend med resultatet frå røystinga. Ved røystingar som  
5 ikkje er skriftlege kan ordstyrar be teljekorpset om hjelp til å telje opp røystene.

6 § 6.4 Møteleiing; ordstyrar og hjelpeordstyrar

7 Fylkesting for ungdom vert leia av ein ordstyrar. Ordstyraren skal veljast av tingsetet. Det er  
8 ungdomspolitisk utval som kjem med framlegg til ordstyrar, og tingsetet kan komme med  
9 andre framlegg.

10 Det skal vere ein hjelpeordstyrar, og denne skal veljast av tingsetet. Det er ungdomspolitisk  
11 utval som kjem med framlegg til hjelpeordstyraren, og tingsetet kan komme med andre  
12 framlegg. Om ordstyraren er på talestolen eller av andre grunnar ikkje er til stades i salen skal  
13 hjelpeordstyraren vere ordstyrar i den tida ordstyraren er oppteken.

14 Ordstyraren og hjelpeordstyraren er anten delegat, observatør eller gjest.

15 § 6.5 Innkalling

16 Innkalling skal sendast skriftleg minst fire veker før tingsetet skal vere. Denne skal sendast  
17 til kommunane, politiske ungdomsparti og fylkesdekkande ungdomsorganisasjonar i Sogn og  
18 Fjordane.

19 Leiar i ungdomspolitisk utval har ansvaret for å setje opp innkallinga, og sekretæren for  
20 ungdomspolitisk utval har ansvaret for å sende denne ut til kommunane.

21 § 6.6 Sakliste

22 Saklista og sakspapira skal vere deltakarane i hende seinast 14 dagar før tingsetet. Om  
23 sakene og sakspapira kjem seinare enn fristen kan fylkesting for ungdom handsame sakene  
24 om minst 1/3 av fylkesting for ungdom røystar for handsaming.

25

26

## 1 § 6.7 Saksgang

2 Kommunane, dei politiske ungdomspartia og dei fylkesdekkande ungdomsorganisasjonane i  
3 Sogn og Fjordane kan melde inn saker til fylkesting for ungdom. Sakene skal handsamast av  
4 ungdomspolitisk utval og må difor vere UPU i hende minst ein måned før tingsetet.

5 Alle ungdommar i fylket i alderen 13 til 23 år har også moglegheit til å melde inn saker til  
6 fylkesting for ungdom. Sakene skal handsamast av ungdomspolitisk utval og må difor vere  
7 UPU i hende minst ein måned før tingsetet. Ungdomspolitisk utval set opp alle slike saker på  
8 saklista under eit eige punkt. FFU handsamar slike saker om minst 1/3 av fylkesting for  
9 ungdom røyster for handsaming. Dersom fylkesting for ungdom vel å handsame ei slik sak er  
10 det UPU som legg fram saka, med forslag til vedtak.

11 Saker kan og bli tekne opp av delegatane og observatørane under generaldebatten på FFU.

12 UPU har ansvar for å førebu saker til FFU, og UPU har også ansvar for at vedtak og fråsegner  
13 vert følgde opp etter fylkesting for ungdom.

## 14 § 6-8 Ugildskap

15 For ugildskapen til delegatane og observatørane gjeld reglane i forvaltningslova kap. II og  
16 kommunelova § 40, nr 3. Ein delegat eller observatør som er som er ugild i ei konkret sak  
17 forlèt plassen sin og deltek ikkje ved handsaminga av saka. Vedkommande forlèt  
18 møterommet dersom det er eit lukka møte. Det kan vere føremålstenleg at den som er ugild  
19 forlèt møtet, men ingen kan krevje at personen gjer det, med mindre møtet er lukka etter  
20 reglane i kommunelova § 31.

21 Delegatar som er fritekne frå å delta i handsaminga av ei sak ut frå personlege grunnar, jf.  
22 kommunelova § 40, nr 4, deltek ikkje ved handsaminga av saka og forlèt plassen sin. Om  
23 møtet er lukka, skal delegaten forlate møterommet.

## 24 § 6-9 Permisjon

25 Delegatar og observatørar som må forlate møterommet for ein periode etter at tinget er sett  
26 kan ikkje gjere det utan å melde frå til ordstyraren på førehand. Delegatar som må reise frå  
27 fylkesting for ungdom må søkje permisjon gjennom ordstyrar. Fylkesting for ungdom  
28 godkjenner eller avviser søknaden etter skjønn.



1 § 6-10 Opne eller lukka møter

2 Møta vert haldne for opne dører, jf. kommunelova § 31, men likevel slik at saker merka  
3 "lukka" (ikkje offentleg) i saklista vert handsama i lukka møte. Fylkesting for ungdom kan  
4 gjere vedtak om avvik frå UPU sitt framlegg til ope eller lukka handsaming av ei sak innan  
5 rammene i kommunelova § 31. Forhandlingar om dette går føre seg for stengde dører dersom  
6 møteleiaren krev det eller fylkesting for ungdom vedtek det.

7 § 6-11 Handsaming

8 Fylkesting for ungdom kan vedta å endre handsamingsmåten med framtidig verknad også  
9 etter at ei sak er teken opp til handsaming. Vert det fremja forslag om dette, må  
10 handsaminga av saka avbrytast. Forhandlingar om kor vidt den vidare handsaminga av saka  
11 skal vere i opne eller lukka møte går føre seg for stengde dører dersom møteleiaren eller  
12 fylkesting for ungdom krev det.

13 § 6-12 Ordskiftet

14 Talaren skal vende orda sine til ordstyraren og ikkje til forsamlinga. Personen skal halde seg  
15 nøye til saka eller den delen av saka som ordskiftet gjeld. Ordstyraren skal sjå til at det vert  
16 gjort.

17 Det må ikkje seiast noko som krenkjer forsamlinga, nokon av medlemane eller andre. Ein skal  
18 heller ikkje lage uro for å få fram at ein er misnøgd eller usamd i det som vert sagt. Dersom  
19 nokon bryt desse ordensføresegnene skal ordstyraren åtvare vedkommande, om naudsynt to  
20 gonger. Rettar vedkommande seg likevel ikkje etter dette, kan ordstyraren ta frå ordet til  
21 talaren, eller ved røysting la forsamlinga avgjere om vedkommande skal stengjast ute frå  
22 resten av møtet.

23 Ordstyraren må ikkje avbryte nokon som har ordet dersom det ikkje vert gjort for å handheve  
24 ordensføresegnene, eller for å rette mistydingar frå talaren si side.

25 Vil møteleiaren vere med i ordskiftet med meir enn heilt korte innlegg skal denne overlata  
26 leiinga til hjelpeordstyraren.

27 Før ordskiftet i ei sak tek til, og medan ordskiftet varer, kan fylkestinget vedta at taletida  
28 skal avgrensast til eit visst tal minuttar for kvart innlegg. Når fylkesting for ungdom meiner  
29 at ei sak er ferdigdrøfta kan det vedta å slutte ordskiftet i saka. Ved handsaming av framlegg

1 om å korte av taletida eller om å slutte av ordskiftet må berre to talarar få ordet - ein for og  
2 ein mot framlegget.

3 Framlegg til vedtak skal leverast inn skriftleg til møteleiaren. Framlegget kan gjerast  
4 munnleg om det går ut på at nokon skal veljast, at den saka som vert handsama skal  
5 utsetjast, sendast attende til ungdomspolitisk utval, eller at framlegg ikkje skal vedtakast.  
6 Skriftleg framlegg skal underskrivast av den som set det fram. Møteleiaren refererer  
7 framlegget.

8 Dersom det under drøftinga av ei sak vert gjort framlegg om å utsetje saka eller å sende saka  
9 attende til ny drøfting i ungdomspolitisk utval, skal dette framlegget drøftast og avgjerast  
10 før saka vert handsama vidare i realiteten.

#### 11 § 6-13 Rusmiddel

12 Fylkesting for ungdom skal vere utan rusmiddel, og dette forbodet gjeld alle, uavhengig av  
13 alder. Brot mot denne regelen fører til at deltakaren vert send heim, på eiga rekning. Om  
14 deltakaren er under 18 år skal føresette varslast av fylkeskommunen, som arrangør av  
15 fylkesting for ungdom.

### 16 **Kapittel 7 Uttalenemnd for fylkesting for ungdom i Sogn og Fjordane**

#### 17 § 7-1 Føremål

18 Føremålet med uttalenemnda er å få ei innstilling på dei ulike fråsegnene, sakene og  
19 framlegg til endring av vedtekter for FFU som kjem inn.

#### 20 § 7-2 Val og samansetnad

21 Fylkesting for ungdom skal velje ei uttalenemnd etter innstilling frå ungdomspolitisk utval  
22 eller innstilling frå sjølve tinget.

23 Uttalenemnda skal ha 5 medlemar, med tale og stemmerett, og ein sekretær. Det bør vere  
24 ein medlem frå ungdomspolitisk utval (UPU) i nemnda. Sekretær for UPU skal vere til hjelp,  
25 der nemnda ser dette formålstenleg.

26 Nemnda skal vere samansett av personar med ulik alder, kjønn, politisk bakgrunn. Alle  
27 medlemmane må vere delegat eller observatør på tinget.

1 Alle medlemmane skal representere fylkestinget sine interesser, og ikkje sine personlege.

## 2 § 7-3 Oppgåver og ansvar

3 Nemnda skal samle alle fråsegnene, sakene og framlegg til endring av vedtektene. Dei skal  
4 setje seg inn i alle desse, og sjå alle i ein samanheng. Nemnda skal ha debattar rundt dei ulike  
5 fråsegnene, sakene og forslag til endring av vedtektene slik at dei kan komme med ei  
6 innstilling. Nemnda har ansvaret for at alle kan lese forslaga etter at arbeidet er avslutta.  
7 Nemnda skal svare på spørsmål knytt til handsaminga og innstillinga.

## 8 § 7-4 Rolle

9 Nemnda er eit rådgjevande organ for fylkesting for ungdom, og har ikkje noko reel makt.

10 Det skal vere ei innstilling frå uttalenemnda på alle fråsegner, saker og framlegg til endring  
11 av retningslinjene. Nemnda skal i hovudregel setje «vedteke», eller «ikkje vedteke» på alle  
12 fråsegnene, sakene og framlegg til endring av vedtektene. Dersom nemnda ikkje ønskjer å gå  
13 ut med si innstilling, kan innstillinga vere «inga innstilling», men då må stemmetalet fylgje  
14 med. Stemmetalet skal førast opp slik: (2-2-1), til dømes. Det fyrste sifferet tyder vedteke,  
15 det andre ikkje vedteke og det siste sifferet syner kor mange medlemmar som har inga  
16 innstilling. Nemnda kan velje å skrive ein kommentar.

## 17 § 7-5 Mynde

18 Nemnda har i utgangspunktet ikkje mynde til å endre noko av det språklege eller ordlyden  
19 som står i innsende fråsegner, saker eller framlegg til endring av vedtektene.

20 Den som sender inn forslag kan gje nemnda fullmakt om å gjere språkvask, og denne  
21 fullmakta må vere uttalenemnda i hende før dei har byrja å arbeide med denne fråsegna. Den  
22 som sender inn forslag kan også gje uttalenemnda fullmakt til å omsetje fråsegna, saka eller  
23 framlegget til endring av vedtektene til eit anna målføre.

24 Nemnda kan dersom dei ynskjer det sende inn forslag om at UPU kan gjere redaksjonelle  
25 endringar. Dette må vedtakast før fråsegnene vert handsama.

26 Ein er ugild i høve arbeidet i nemnda dersom innhaldet i ei fråsegn, sak eller framlegg til  
27 endring av vedtektene kan føre til at ein får personleg vinning. Den som sender inn forslag er  
28 ikkje automatisk ugild i handsaminga av sitt eige forslag.

1 § 7-6 Fråsegnene, sakene og forslag til endring av retningslinjene.

2 Fråsegnene, sakene og framlegg til endring av retningslinjene må vere uttalenemnda i hende  
3 før fristen sett av ungdomspolitisk utval er ute. Ungdomspolitisk utval skal legge fram eit  
4 forslag til frist for innlevering tidleg på tinget. Denne fristen skal tinget stemme over.  
5 Utanom fristen, kan nemnda velje med skjønn om dei kan ta inn nye fråsegner, saker og  
6 framlegg til endring av vedtektene.

7 Alle forslag bør sendast inn digitalt, men handskrive forslag vert også handsama. Det er  
8 mogleg å sende inn forslag på både bokmål og nynorsk.

9 § 7-7 Uttalenemnda legg fram

10 Leiaren i uttalenemnda har ansvaret for at alle får høve til å gjere seg kjende med  
11 fråsegnene, sakene og forslag til endring av vedtektene som er komme inn.

12 Nemnda skal leggje fram korleis arbeidet har vore, og kva fråsegner, saker og forslag til  
13 endring av vedtektene som er stroke på grunnlag av andre forslag med lik intensjon. Det  
14 totale talet på fråsegner, saker og forslag til endring av vedtektene skal også komme fram.

15 Nemnda må kunne svare på spørsmål som kjem fram under debatten om arbeidet som dei har  
16 gjort.

17 § 7-8 Vedtak

18 Vedtak ved røysting over fråsegner og saker vert gjort etter reglane i § 5-2. Vedtak ved  
19 røysting over framlegg til endring av vedtektene vert vedteke etter reglane i §9-2.

20 **Kapittel 8 Valnemnd for fylkesting for ungdom i Sogn og Fjordane**

21 § 8-1 Val og samansetnad

22 Fylkesting for ungdom skal velje ei valnemnd etter innstilling frå ungdomspolitisk utval eller  
23 innstilling frå sjølve tinget. Valnemnda skal ha 4 medlemmar. Valnemnda skal ha ein leiar, og  
24 denne bør vere frå ungdomspolitisk utval. To av dei resterande medlemane skal anten vere  
25 delegat, observatør eller gjest ved fylkesting for ungdom, og den siste ein tilsett frå  
26 fylkeskommunen.

27

1 § 8-2 Arbeidet til nemnda

2 Arbeidet til valnemnda skal gå føre seg under det årlege tingsetet. Kandidatar til det neste  
3 UPU skal meldast inn til valkomiteen av delegatar og observatørar på fylkesting for ungdom.

4 Valnemnda skal ha ein samtale med kvar av kandidatane og gjere seg kjend med dei som er  
5 aktuelle. Når valnemnda vurderer kandidatane skal den sjå på geografi, interesse,  
6 skulebakgrunn, kjønn, alder og erfaringar. Det bør vere forslag om to medlemmer av kvart  
7 kjønn.

8 § 8-3 Innstilling

9 Valnemnda skal kome med ei innstilling til kven som skal sitte i det nye UPU. Innstillinga skal  
10 leggjast fram for fylkesting for ungdom minst ein time før røysting. Valnemnda skal  
11 samstundes grunngje innstillinga si for fylkesting for ungdom.

12 § 8-4 Val

13 Om det under val vert endringar i innstillinga til valnemnda, skal valnemnda ha møte om  
14 korleis lista skal sjå ut etter det er valt inn ein ny representant, dette for å sikre heilskapen i  
15 eit nytt ungdomspolitisk utval.

16 § 8-5 Røysting ved personval

17 Vedtak ved røysting ved personval vert gjort etter reglane i § 5-3.

18 **Kapittel 9 Avsluttande føresegner**

19 § 9.1 Ikraftsetjing

20 Vedtatt på fylkesting for ungdom på Skei i Jølster den 09.04.2016.

21 Endra på fylkesting for ungdom på Skei i Jølster den 25.03.2017.

22 Retningslinene tek fyrst til å gjelde den dagen fylkesting for ungdom har gjort vedtak med  
23 2/3 fleirtal om dette.

24

25

- 1 § 9.2 Endring av vedtektene
- 2 Dei som er innkalla til FFU (kommunane, politiske ungdomsparti, fylkesdekkande
- 3 ungdomsorganisasjonar og ungdomspolitisk utval) kan sende framlegg til endring av
- 4 vedtektene. Framlegget må vere sendt inn minst 14 dagar før fylkesting for ungdom. Det er
- 5 også mogeleg for delegatar og observatørar sende inn framlegg til endring av vedtektene til
- 6 uttalenemnda under fylkesting for ungdom, innan den fristen som gjeld for innsending av
- 7 forslag uttalenemnda, sjå § 7-6.
- 8 Endringar i vedtektene vert gjort av fylkesting for ungdom i Sogn og Fjordane med 2/3
- 9 fleirtal.
- 10 Endringar i vedtektene tek til å gjelde i det dei vert vedtekne av fylkesting for ungdom i Sogn
- 11 og Fjordane.